



Bergen
Næringsråd



NÆRINGS
FORENINGEN



Bømlo, 26. jan 2026

Innføring av køyrefeltsignal i Bømlafjordtunnelen

Den nylige innføringa av køyrefeltsignal i Rennfast har aktualisert behovet for å etablere tilsvarende løysing i Bømlafjordtunnelen. Ei slik innføring vil vere eit viktig og nødvendig tiltak for å førebyggje farlege situasjonar og redusere risikoen for ulykker i den om lag 8 kilometer lange undersjøiske tunnelen. Køyrefeltsignal vil bidra til betre trafikktryggleik og sikre best mogleg trafikkavvikling, også under krevjande forhold.

Behovet for dette tiltaket har vorte teke opp med Statens vegvesen, både gjennom initiativ frå Stavanger2Bergen og frå politisk hald i kommunane Bømlo og Sveio, utan at dette så langt har ført fram. Samstundes står vi framfor ei betydeleg auke i trafikken når Rogfast etter planen opnar i 2033. Dette vil gi ein markant trafikkvekst nordover på E39, noko som ytterlegare vil forsterke sårbarheita i Bømlafjordtunnelen, som i dag berre har eitt løp.

Tunnelen er allereie svært utsett, med om lag 80 stengingar i 2024 og 50 stengingar i 2025. Desse stengingane skapar store utfordringar for varetransport, pendlarar, beredskap og trafikkflyt. For næringslivet medfører dette tap av tid, effektivitet og økonomiske verdiar.

Ved ei tunnelstenging vert Bømlo kommune, med om lag 12 500 innbyggjarar, i praksis isolert etter berre få minutt. Dette er uholdbart for innbyggjarar, næringsliv og naudetatar. Det er difor heilt avgjerande at det snarast vert sett i verk tiltak som kan redusere risikoen for stengingar og avgrense konsekvensane når dei oppstår.

Innføring av køyrefeltsignal i Bømlafjordtunnelen vil auke føreseielegheita, styrkje trafikktryggleiken og bidra til ei meir stabil og effektiv trafikkavvikling på ein av dei viktigaste transportårene på Vestlandet.

Bømlo Næringsråd, Stord Næringsråd, Bergen Næringsråd og Næringsforeningen i Stavanger står samla om denne uttalen. Vi meiner det er eit tydeleg behov for å løfte saka politisk og synleggjere at dagens situasjon ikkje er haldbar. På vegner av våre medlemsverksemdar oppmodar vi sentrale styresmakter på det sterkaste om å prioritere og setje i verk nødvendige tiltak utan ytterlegare utsetjing.

Ragnfrid Sønstabø
Dagleg leiar Bømlo Næringsråd

Torbjørn Brosvik
Dagleg leiar Stord Næringsråd

Monica Mæland
Adm. dir Bergen Næringsråd

Harald Minge
Adm. dir Næringsforeningen i Stavanger

Bernt Jæger
Adm. dir Næringsforeningen Haugalandet